



## NATURVERNFORBUNDET I TELEMARK

Vetle Mules vei 16, 3944 PORSGRUNN

e-post: telemark@naturvern.no

Norges vassdrags- og energidirektorat –NVE  
Konsesjonsavdelinga,  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

### **Høyringssvar – Klorefoss og Støyldalen kraftverk. Håtveitåa – Nissedal kommune.**

Naturvernforbundet i Telemark (NVT) vil tilføre saka nokre nye moment. I fylge Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), er det det som skal til for at NVE skal vektleggje eit høyringssvar.

NVT vil i tillegg peike på nokre fakta, dokumentera i konsesjons søknaden, som må vektleggjast på ein annan måte enn det Skagerak Kraft AS gjer.

*Skagerak Kraft AS skriv at tiltaket vert lite synleg. Det er feil.*

Håtveitåa er del av eit stort og viktig landskapsrom langs **Telemarks største innsjø – Nisser**. Dette landskapsromet strekkjer seg frå vestsida – Håtveitåna, Fjone m.m., og over på østsida av Nisser – Kyrkjebrygda m.m.

Delar av Håtveitåa, med fossar, er godt synleg frå store delar av Kyrkjebrygda.

Dette er eit moment som må vektleggjast, i den grad NVE meiner at **Telemarks største innsjø - Nisser**, er av betydning som del av eit landskapsrom saman med tilstøytande vassdrag, som mellom anna Håtveitåa.

*Skagerak Kraft AS skriv vidare at området rundt Nisser fra før er sterkt påverka av kraftverk og reguleringar, så eit vassdrag til i rør har liten betydning.*

Dei har rett i at området rundt Nisser er sterkt påverka av kraftutbyggjing, men sett frå NVT sin ståstad så er det ein logisk brist at det skulle vere fornuftig å leggje det siste urørt vassdraget på vestsida av Nisser i rør. Slik situasjonen nå er, så er det faktisk endå viktigare å bevare Håtveitåa urørt.

NVT meiner det vil vere rett å la dei vassdraga som fortsatt er urørt, få renne fritt ut i **Telemarks største innsjø - Nisser**.

NVE viser i sin argumentasjon til nokre verna vassdrag , vassdrag som ikkje renn ut i Nisser, og meiner at det som er verdt å ivareta, blir ivaretekje i desse verna vassdraga.

**NVT** viser til fakta , at ingen vassdrag som renn ut i Nisser er verna. Difor er det av stor betydning at Håteitåa ikkje vert utbygd, som det siste urørte vassdraget på vestsida av Nisser. Slik at ein fortsatt kan få lov å oppleve urørte vassdrag som renn fritt ut i **Telemarks største innsjø - Nisser**.

Dette har både utbyggjar – Skagerak Kraft AS, og NVE eit ansvar for å bidra til. Vi må alle vise «magemål», ikkje berre privat, men også i utbyggings samanheng. Vi må la noko natur få lov å berre vere natur. Det treng vi som storsamfunn, og det er både god samfunnsøkonomi, og god helseførebygging.

Til slutt vil **NVT** peike på at tiltaket vil føre til burtfall av INON –område. Norge og Nissedal har ikkje noko INON- område å miste.

**NVT ber med dette om at NVE ikkje gje konsesjon på desse kraftverka.**

Med venleg helsing

*Torfinn Sanden*  
Torfinn Sanden, Naturvernforbundet i Telemark

Nissedal, 11.12.13